



Eidsviks båt hadde denne posisjonen i føremiddag. Storm som ligg i bakgrunnen klara seg bra.

Stormen Nina gjorde millionskade i båthamna i Uskedalen, oppsummerar leiar Trond Myklebust i føremiddag. Det er ein trøst at det kunne gått langt verre. Mange som observerte herjingane til stormen utover kvelden frykta det. Til dømes låg Røds store båt Storm lengst ute og var utsett for kasta. Men eigaren var aldri redd for korleis det ville gå fordi båten var så godt forankra.

Ein båt gjekk det imidlertid gale med - skjærgårdsjeepen til Alf Eidsvik den yngre. Den 'drukna' i stormen og berre baugen stakk opp i føremiddag. 2 andre båtar vart påførte betydelege skader medan det var berre mindre skadar ellers.

Såvidt uskedalen.no kan registrera etter ein rask synfaring vart ikkje hamna påført ålvorlege skadar. sjølv om vind og sjø var heftig. Det vart heller ikkje

- med unnatak av eit fortelt - synlege skadar på Rabben Feriesenter
sjølv om fjorden flomma langt innover.

Men Nina har lagt etter seg mykje rusk og rask etter seg både der og andre stader..

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen